

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 02.12.2015

Vår ref.: 201006301-35, 201300215-10,
201300081-10

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamarar:

Helen Nathalie Liebig-Andersen 22959895

Tor Carlsen 22959393/toc@nve.no

Høyringsbrev

Fleire søkjarar – Søknadar om løyve til å byggje tre småkraftverk i Hjelmeland kommune i Rogaland – høyring

NVE har motteke søknader frå Måland Kraft AS og Clemens Kraft AS om løyve til å byggje småkraftverk i Hjelmeland kommune.

Sagåna kraftverk – Måland Kraft AS

Sagåna kraftverk vil nytte eit fall på 430 meter i Sagåna mellom kote 500 og 70. Sidebekken Kjervåna er planlagt overført til inntaksdammen i Sagåna med eit 700 meter langt røyr. Vassvegen blir 1530 meter lang, og skal gravast ned på vestsida av elva. Det er behov for om lag 1000 meter ny veg som tilkomst til inntaket, og ein vil ruste opp eksisterande veg fram til kraftstasjonen. Middelvassføringa i Sagåna og Kjervåna til saman er 466 l/s og kraftverket er planlagd med maksimal slukeevne på 933 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3,3 MW og etter planen gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på om lag 10,5 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei om lag 3 km lang strekning i Sagåna og Kjervåna. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 17 l/s i Sagåna og 5 l/s i Kjervåna heile året.

Kreppingdalen kraftverk – Clemens kraft AS

Kreppingdalen kraftverk vil nytte eit fall i Kreppingdalsåne på 470 meter frå eit inntak på 540 moh. til ein kraftstasjon på 70 moh. Vassvegen vil bli 1500 meter og ein kombinasjon av nedgrave røyrgate og tunnel. Middelvassføringa er 282 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 750 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,9 MW og vil etter planane gje ein årleg produksjon på 7,3 GWh. Utbygginga vil føre til ei redusert vassføring på ein om lag 1600 m lang strekning av Kreppingdalsåne. Det er planlagt ei minstevassføring på 15 l/s i sommarsesongen (1/5-30/9) og 20 l/s resten av året.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Øvre Ullestadåna kraftverk – Clemens kraft AS

Øvre Ullestadåna kraftverk vil nytte eit fall i Ullestadåna på 120 meter frå eit inntak på 445 moh. til ein kraftstasjon på 325 moh. Vassveien vil bli 1455 meter og nedgrave i grøft. Middelvassføringa er 1220 l/s og kraftverket er planlagt med ein maksimal slukeevne på 2440 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,3 MW og vil etter planane gje ein årleg produksjon på 8,4 GWh. Utbygginga vil føre til ei redusert vassføring på ein om lag 2780 m lang strekning av Ullestadåna. Det er planlagt ei minstevassføring på 100 l/s hele året.

Dei tre søknadane er fyste halvdel av den varsla Hjelmelandspakka med totalt 6 søknadar om bygging av småkraftverk i Hjelmeland kommune. Dei tre siste sakene må handsamast seinare da NVE ikkje har motteke søknader innan fristen. Kartet som er vedlagt viser alle dei 6 sakene.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Sagåna kraftverk og Øvre Ullestadåna kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknadene skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknadene skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknadene med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og dei vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Hjelmeland kommune leggje to eksemplar av kvar søknad ut til offentleg ettersyn ved kundesenteret på kommunehuset og ved Hjelmeland bibliotek fram til **14.3.2016**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **14.3.2016**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Tor Carlsen og Helén N. Liebig-Andersen
overingeniører

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.



Vedlegg:

Mottakerliste:

Arne Ritland
Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Forum for natur og friluftsliv Rogaland
Fylkesmannen i Rogaland
Hjelmeland Jakt og Fiskelag
Hjelmeland turlag
Lyse Elnett AS
Naturvernforbundet i Rogaland
Norges Miljøvernforbund
Norges Padleforbund
Rogaland fylkeskommune
Ryfylke friluftsråd
Setesdal-Ryfylke Villreinområde
Statens Vegvesen - region vest
Statnett SF
Suldal Elverk KF

Kopi til:

Clemens Kraft AS
Måland Fallrettslag